

Kvernhusbakken grendahus

c/o Frode Haugsvær Andersen
Haugsværlia 4A
5983 Haugsvær

Haugsvær, 15.10.21

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

GJELD SØKNAD TIL KOMPENSASJONSORDNINGA FOR LOKALT NÆRINGSLIV

Kvernhusbakken grendahus (gamle Haugsvær skulehus) er eigd av eit lutlag i bygda, og laget driv med utleigeverksemd.

Hovudarrangementet vårt er felles 17. mai-feiring i bygda, men dette utgjør berre ein del av inntekta. Me skipar òg til sommarfest i juni kvart år, med sal av rømmegrøt og vaflar, blomar, lynlotteri og loddbok med meir, for å få inn pengar til drift og vedlikehald av huset. Dette har vore den største inntektskjelda vår i seinare år. Huset har elles vorte leigd ut til åremålsdagar, konfirmasjonar, klubb, anna møteverksemd og liknande. Alt arbeid me kan gjera sjølve, vert gjort på dugnad.

Me har så langt ikkje motteke nokon stønad for tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging.

I 2020 og 2021 har det ikkje vore høve til å skipa til 17. mai-feiring. For 2020 fekk me overført eit overskot frå jonsokkomiteen, men for 2021 har me ikkje hatt nokon inntekter her.

I 2020 var det heller ikkje råd å skipa til sommarfest. Dette utgjør eit tap på om lag 20 000 kroner.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
17. mai	8554	6587	10 000	7131	0	0
Sommarfest	21 327	22 601	21 686	16 764	0	0
Jonsok	0	0	0	0	8198	0
Hausttreff	5300	2349	0	0	0	?
Sum	35181	31537	31686	23895	8198	?

Sommarfest vart det heller ikkje i 2021, dette tapet prøver me no å bøta litt på ved å skipa til eit seint hausttreff med loddbok og lynlotteri. Me forventar ikkje det same besøket, og har i tillegg mindre å selja, men det vil uansett hjelpa på.

Kvernhusbakken grendahus har inne ein søknad om registrering i Brønnøysund, me har fått eit mellombels organisasjonsnummer, men det kan me ikkje bruka her. Arbeidet med å få registrert huset starta me i februar 2020 (sjå vedlegg), men me fekk søknaden i retur på grunn av manglande opplysningar. Den 12. mars 2020 vart landet «stengt ned», og styret hamna i ulike «kohortar». Dette arbeidet vart då lagt bort, men er no altså teke oppatt.

Me håpar difor at de kan ta denne søknaden med i vurderinga når de skal fordela kompensasjonsmidlane, og bereknar tapet vårt til om lag 20 000 per år for 2020 og 2021.

Beste helsing

Frode Haugsvær Andersen
Kasserar

Lene Christine Simonsen
Leiar

